

Kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Høyringsdokument

Innleiing

Kulturdepartementet sende hausten 2017 ut eit framlegg til trussamfunnslov for alle trus- og livssynssamfunn i Noreg, medrekna Den norske kyrkja. Venteleg skal Stortinget handsame denne lova våren 2019.

Med forslaget om ny trussamfunnslov følger også at kirkeloven ikkje lenger skal gjelde. I dag regulerer kirkeloven dei viktigaste myndigheitsforholda innanfor Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet sender her ut eit forslag til føresegner som skal erstatte kirkeloven når denne blir oppheva. Det er ikkje meininga at desse føresegnene skal føre til endringar av dei ordningane ein har i dag. Forslaget til trussamfunnslov føreset at kyrkja sjølv gjev nærare reglar i ei kyrkjeordning som blir fastsett av Kyrkjemøtet.

Framlegget tar også sikte på å fylgje opp Kyrkjemøtet si handsaming av *Den norske kyrkja sitt grunnlag* (sak KM 06/14 og 04/15) som er eit framlegg til overordna føresegner for Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet gjer i denne høyringa framlegg om ei heilskapleg kyrkjeordning. Kyrkjerådet vil komme tilbake til oppfølging av dei vedtaka i *vegvalsaka* frå 2016 (sak KM 08/16) som ikkje er handsama her. Det blir gjort framlegg om enkelte mindre justeringar i dei ordningane som gjeld i dag. Dette er oppdateringar av regelverket i tråd med den utviklinga som har vore mellom anna for at formuleringane skal følgje dei endringane som har skjedd i kommunelovgjevinga våren 2018.

Dei konkrete endringsframlegga er omtalt nærare i høyringsdokumentet.

Høyringsdokumentet og ein *regelspegel* – ein oversikt som visar paragrafane i den føreslåtte kyrkjeordninga stilt saman med dagens kyrkjelov – vil bli lagt ut på kyrkja sine nettsider.

Høyringsinstansane blir bedne om å nytte Kyrkjerådet sin høyringsportal på nettstaden www.kirken.no/hoeringer og gje sitt svar på følgjande spørsmål:

Har høyringsinstansen innspel til det vedlagte framlegget til kyrkjeordning som skal gjelde når ny trussamfunnslov tek til å gjelde?

Alle høyringssvara vil bli gjort tilgjengeleg på kyrkja si nettside.

Høyringsfrist er 15. desember 2018.

Kapittel 1: Den norske kyrkja sitt grunnlag

Kapittel 1 i framlegget til kyrkjeordning, med tittelen *Den norske kyrkje sitt grunnlag*, skal fungere som grunnlagsføresegner for Den norske kyrkje. Desse fastset kva som er kyrkja sitt læregrunnlag og definerer identiteten som trussamfunn og folkekyrkje.

Kapittelet er delt i åtte paragrafar som tek vare på ulike sider ved kyrkja. Innhaldet er forma ut frå ei bestilling frå Kyrkjemøtet i 2015 (KM sak 04/15).

Læregrunnlaget - § 1

Den norske kyrkja sitt læregrunnlag er i dag fastlagt i Kong Christian Den Femtis Norske Lov frå 1687 (NL) 2-1. Etter grunnlovsendingane i 2012 er det eit behov for at Den norske kyrkja sjølv fastset læregrunnlaget sitt. Dette er også bekrefta i framlegget til ny trussamfunnslov § 10 første ledd, der det heiter «Kirkemøtet fastsetter kirkens grunnlag og lære (...)».

Formuleringane i NL 2-1 lovfestar kyrkja si sjølvforståing etter reformasjonen. Det er denne identiteten Grunnlova ønskjer at kyrkja skal ta vare på når ho omtalar Den norske kyrkja som ei evangelisk-luthersk kyrkje i § 16.

Framlegget til ny føresegn inneber inga endring i læregrunnlaget, og det er lagt vekt på samanheng med ordlyden i dag. Føresegna formulerer korleis Den norske kyrkja definerer evangelisk-luthersk lære.

Deltaking i den økumeniske fellesskapen - § 2

På bakgrunn av vedkjenninga og ei luthersk sjølvforståing, kjenner Den norske kyrkja seg forplikta til å fremje synleggjeringa av einskapen i heile den verdsvide kyrkja.

Arbeidet for kyrkjeleg einskap gjev viktige impulsar til det kyrkjelege livet samstundes som det utfordrar Den norske kyrkja til stadig å tenke gjennom sjølvforståinga si og tolkinga av sitt eige læregrunnlag. Dette gjeld særleg for dei forpliktande økumeniske avtalane Den norske kyrkja har inngått. Sjølv om føresegna ikkje uttrykkjer nokon økumeniske føringar med omsyn til korleis ein skal skjønne læregrunnlaget, finn Kyrkjerådet det difor naturleg å sjå framlegget til § 2 i samanheng med § 1.

Dåp og teneste i kyrkjelyden - §§ 3 og 5

Innlemminga i det kristne fellesskapet skjer med dåpen. Den kyrkjerettslege konsekvensen av dette er at dåp er nødvendig for medlemskap i Den norske kyrkja. Alle døypte er kalla til eit liv i tru og teneste og er omslutta av det lokale kyrkjelege fellesskapet. I dette fellesskapet står alle døypte likt, med eit felles ansvar for kyrkja sitt liv.

Kyrkjerådet føreslår at arbeidet i kyrkjelyden blir omtala som eit tenestefellesskap mellom ulike frivillige og tilsette personar og grupper. I tenestefellesskapet inngår

også dei vigsla tenestene samt den overordna tilsynstenesta som biskopane har ansvaret for. Dei vigsla medarbeidarane skal leie kyrkjelyden innanfor det fagområdet dei er vigsla til. Dette skjer ikkje i staden for eller på vegne av, men *saman med* dei andre tilsette og samfunnet av alle dei døypte, som dei vigsla tenestene spring ut av.

Den norske kyrkja sitt oppdrag - § 4

Oppdraget til Den norske kyrkja kan seiast å vere todelt: både å forvalte nådemidla (Ord og sakrament) og – i forlenginga av dette – å forvalte ei diakonal grunnhaldning.

Oppdraget tek til i kyrkjelyden som er samla til gudsteneste. Her får menneske høyre evangeliet, her blir dei døypte og tek imot nattverden. Frå det fellesskapet i gudstenesta blir menneske sende ut, og slik fører dei vidare kyrkja si stadige sending (*missio*) med evangeliet. Sendinga blir konkretisert i formuleringa om at Den norske kyrkja er ein «vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje».

Folkekyrkjeomgrepet understrekar at Den norske kyrkja består av alle dei som er døypte inn i det kyrkjelege fellesskapet. Som folkekyrkje møter Den norske kyrkja allmenne livsrøynslar i samfunnet, og kyrkja søker gjennom gudstenester og kyrkjelege handlingar og i det ho elles driv på med å reflektere mangfaldet i menneskelivet. Dernest inneber omgrepet ei vektlegging av den lokale kyrkjelyden som ein viktig del av lokalsamfunnet og som ein av institusjonane som er med å binde samfunnet saman.

Organisering og leiing av Den norske kyrkja - § 6

Den grunnleggjande eininga i kyrkja er teologisk sett kyrkjelyden. Den er den eigentlege «staden» der kyrkja utfaldar kallet og oppdraget sitt. I norsk kyrkjeordning har kyrkjelyden alltid vore identifisert med soknet. Omgrepa sokn og kyrkjelyd kan slik opplyse kvarandre gjensidig. På den eine sida kviler sjølvstendet og det juridiske rammeverket som i dag omgjev soknet på identifikasjonen med kyrkjelyden, forstått som den lokale kyrkja. På den andre sida er kyrkjelyden i Den norske kyrkja i all hovudsak ei eining som blir definert utifrå ei geografisk gitt ramme, nemleg soknet. Sokneinndelinga er også eit uttrykk for den landsdekkande funksjonen kyrkja har: Det skal ikkje vere nokon stad innanfor riksgrensene der det ikkje finst ein lokal kyrkjelyd.

Den enkelte kyrkjelyden har ein stor grad av sjølvstende, samstundes er kyrkjelydane i Den norske kyrkja bundne saman gjennom ei sams vedkjenning og sams ordningar og leiingsstrukturar. Dette kjem til uttrykk ved formuleringa om at soknet ikkje kan løysast frå Den norske kyrkja. Kyrkjerådet ser på denne formuleringa som grunnleggjande i forståinga av korleis det enkelte soknet heng saman med den nasjonale kyrkjeorganisasjonen. Dette er grunnen til at setninga er teken inn i framlegget til kyrkjeordning jamvel om ho også står i framlegget til ny trussamfunnslov.

Confessio Augustana artikkel V uttrykkjer at det skal finnast ei ordna teneste med Ord og sakrament. Difor er det ein nødvendig del av kyrkjeordninga at det finnast ei slik ordna presteneste i alle kyrkjelydar. Vidare skal alle kyrkjelydar stå under tilsyn av ein biskop. Tilsynet markerer at den lokale kyrkjelyden ikkje står aleine som ein avgrensa størrelse, men høyrer til i eit vidare fellesskap. Biskopane har dessutan eit særskilt ansvar for å verne om læra.

Styring og leiing av Den norske kyrkja går føre seg på alle nivå gjennom demokratisk valde organ. Læra om det allmenne prestedømet seier at alle medlemmer av kyrkja har like høg status. Denne læra har dermed ei teologisk grunngeving for ein demokratisk styringsmodell. At Den norske kyrkja er demokratisk leia, og at det blir lagt til rette for at flest mogleg av medlemene skal kunne delta i den demokratiske prosessen, er dessutan eit viktig kjenneteikn på Den norske kyrkja sin identitet som folkekyrkje.

Samtidig er tenesta med Ord og sakrament, slik ho er omtala ovanfor, gjeve eit særleg ansvar og ei spesiell fullmakt. Styring og leiing skjer som ei følgje av dette i eit *samvirke* mellom leke medlemmer av kyrkja og dei som representerer den ordinerte tenesta. Samvirket går hovudsakeleg føre seg innanfor ramma av dei valde råda.

Alle kyrkjelege møte og råd har ei forplikting til lojalitet mot Den norske kyrkja sitt læregrunnlag, med ei tilvising til § 1. Framlegget er ei vidareføring av § 28 i kirkeloven.

Samisk kyrkjeliv - § 7

Det er ein naturleg konsekvens og vidareføring av Den norske kyrkja sitt arbeid med samisk kyrkjeliv at det samiske innslaget i Den norske kyrkja blir reflektert i ein eigen paragraf i kyrkjeordninga. Føresegna skal reflektere den tilstanden som gjeld i dag.

Den norske kyrkja sitt grunnlag som overordna regelverk - § 8

Det blir lagt opp til at grunnlagsføresegnene i kapittel 1 er overordna regelverket elles. Resten av kyrkjeordninga og andre kyrkjelege regelverk må dermed vere i samsvar med dei reglane og prinsippa som kjem til uttrykk i *Den norske kyrkja sitt grunnlag*.

Kapittel 2. Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskap, kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett

Innleiing

Kapittelet omhandlar organiseringa av kyrkja, den kyrkjelege inndelinga og styringsorgana. Dette kapittel avløyser kapittel 1 i kirkeloven.

Den norske kyrkja er delt inn i bispedømer, prosti og sokn. Den kyrkjelege inndelinga omfattar pr. 1. januar 2018 11 bispedøme, 100 prosti og 1204 sokn. Prostia og bispedøma er administrative einingar mens soknet både er ei rettsleg sjølvstendig

eining og definerer den geografisk avgrensa kyrkjelyden. Denne strukturen blir vidareført.

Som følgje av endra reglar om medlemskap i ny trussamfunnslov foreslår Kyrkjerådet mindre justeringar i reglar om tilhøyring og medlemskap i tillegg til ordning for kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett. Dagens krav om å være busett i riket for å kunne være medlem av Den norske kyrkja blir foreslått lempa på, slik at også personar utan fast bustad, men som har tilknytning til ein kyrkjelyd, skal kunne registrerast som medlem. Det blir også foreslått å vidareføre ei ordning for tilhøyring for barn der ein eller begge foreldre er kyrkjemedlemer.

Endringar i kyrkjeleg inndeling, namn på kyrkjer m.v. - § 9

Ordninga for endringar i den kyrkjelege inndelinga legg i dag avgjerslemynde til departementet, men for endringar innanfor bispedømet er dette ansvaret lagt til det enkelte bispedømerådet. Tilsvarande gjeld for fastsetting av namn på kyrkje, sokn og prosti. Etter framlegget til ny trussamfunnslov vil det bli heilt opp til Kyrkjemøtet å fastsetje føresegnar om den kyrkjelege inndelinga. Kyrkjerådet gjer framlegg om å vidareføre bispedømerådet sitt ansvar, slik det er i dag. Elles blir det gjort framlegg om at Kyrkjerådet tek hand om endringar i inndeling med unntak av oppretting av og namn på nye bispedøme og andre endringar i grensene for bispedøme, ein gjer framlegg om at Kyrkjemøtet avgjer.

Kategorialkyrkjelydar og valkyrkjelydar - § 9

Dei alternative formane for kyrkjelydsdanning er kategorialkyrkjelydar og valkyrkjelydar. Kategorialkyrkjelydane rettar seg mot særlege kategoriar medlemer. Valkyrkjelydar byggjer på personleg tilslutning uavhengig av bustad og rettar seg dermed ikkje mot ein særleg kategori medlemer. Kyrkjerådet gjer framlegg om at forsøksordninga med valkyrkjelydar blir ført vidare som ei fast ordning.

Overordna føresegn om kyrkja sine styringsorgan - § 10

Kyrkja har styringsorgan både på sokne- og bispedømenivå og på nasjonalt nivå. Det blir gjort framlegg om ei føresegn som slår dette fast. Føresegna opnar for at Kyrkjemøtet også kan etablere andre organ, til dømes organ på prostinivå.

Kyrkjemøtet si rolle som øvste representative organ er lagt til grunn i dagens kyrkjelov, men det er ikkje uttrykkeleg fastsett. Kva som ligg i å vere øvste representative organ, blir foreslått presisert ved å leggja til at det gjeld mynde til å ta endelege avgjerder.

Tilhøyrslø og medlemskap - § 11

Tilhøyrslø og medlemskap i Den norske kyrkja må bli regulert i kyrkjeordninga. Reglane i kirkeloven vil bli avløyst av meir generelle reglar om inn- og utmelding i ei ny trussamfunnslov. Dette inneber at det er behov for å fylle ut desse føresegnene. Til dømes er dåp eit medlemsvilkår i Den norske kyrkja som det blir gjort framlegg om at blir teken inn som del av Den norske kyrkja sitt grunnlag. Eit anna spørsmål gjeld

tilhøyrslø og korleis kyrkja skal stilla seg til barn der ein eller b e foreldra er medlemmer i kyrkja.

Vilk ret for medlemskap er i tillegg til d p at «bare person som er bosatt i riket og norsk statsborger i utlandet kan v re medlem av Den norske kirke». Dette inneber at det berre er m gleg for personar med norsk f dselsnummer   bli medlem i kyrkja. Denne typen identifisering av medlemmer har vore n dvendig p  grunn av finansieringsordninga for trus- og livssynssamfunn generelt. N r dette systemet blir lagd om i framlegget til ny trussamfunnslov, kan det ogs  vere grunn til   sj  n rare p  busettkravet som vilk r for medlemskap. Dei seinare  ra har det vore ein auke av personar i Noreg utan f dselsnummer, men med lovleg opphald. Nokre av desse knyt seg til ein lokal kyrkjelyd, og det blir foresl tt i kyrkjeordninga at ogs  desse skal kunne registrerast som medlemmer.

Etter f resegnene i kirkeloven i dag, blir barn rekna som   h yre inn under Den norske kyrkja fr  f dselen dersom ein av foreldra er medlem. Dette blir omtala som ei s kalla forrangsf resegn for Den norske kyrkja. Det vil si at   h yre til kyrkja har blitt registrert uavhengig av kva foreldra har uttrykt av  nskje omkva trossamfunn barnet skal h yre til. Kyrkjem tet  nskjer ingen vidaref ring av slike forrangsreglar. P  den andre sida kan det vere  nskjeleg og viktig   uttrykke fr  kyrka si side at barn av kyrkjemedlemmer blir rekna som   h yre til kyrkja fr  f dselen av. P  bakgrunn av dette blir det gjort framlegg om ei eigen f resegn i kyrkjeordninga om dette. Samtidig blir det lagt opp til ei ordning der registrering av at barn som h yrer til kyrkja krev melding og semje mellom foreldra. I dei fleste tilfelle vil melding bli gjeve i samband med d p, og d  vil barnet bli fullverdig medlem av kyrkja. Ettersom framlegget til trussamfunnslov ikkje legg opp til f resegner om at barn kan h yre til, er det behov for at kyrkjeordninga presiserer at dette kan bli registrert i tillegg til medlemskap, som for kyrkja f reset d p.

Den norske kyrkja sitt medlemsregister -   12

Framlegget til trussamfunnslov   15 legg opp til fortsett lovregulering av at det skal vere eit sentralt medlemsregister for Den norske kyrkja og at ogs  kyrkjelege handlingar skal bli registrerte. Framlegget til kyrkjeordning presiserer at medlemsregisteret ogs  skal kunne omfatte barn som h yrer til og at kyrkjelege handlingar skal tas inn i registeret. Dersom kyrkja ikkje lenger f r opplysningar om barn som h yrer til fr  Folkeregisteret, vil slike registreringar vere avhengig av melding fr  foreldra.

N rare regler om medlemsregisteret og kva for personopplysningar som skal registrerast er fastsett av Kyrkjem tet i 2018. Form la som desse opplysningane kan bli brukt til er fastsett i medlemsregisterforskriften, og har betydning for korleis den nye personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR) skal bli etterlevd av alle kyrkjelege organ.

Soknebandsløysing - § 13

Medlemskap i kyrkja har ei nær tilknytning til soknet der ein er busett. Det er her medlemmen har kyrkjeleg stemmerett og kan få kyrkjelege tenester. Soknebandet er eit av dei viktigaste folkekyrkjelege trekka ved Den norske kyrkja. Det blir gjort framlegg om ei føresegn i kyrkjeordninga som slår fast som ein hovudregel at medlemskap i Den norske kyrkja er knytt til det soknet der ein er busett. Samtidig blir det gjort framlegg om ei justering i ordninga for soknebandsløysing. I kirkeloven § 4 er det i dag biskopen som i særlege høve og etter søknad frå vedkommande sokneråd kan samtykke i at ein person for eit avgrensa tidsrom blir gjeve stemmerett i eit anna sokn enn det vedkommande der er busett. Framlegget i kyrkjeordninga går ut på at vedkommande sokneråd etter søknad frå ein medlem kan samtykke i at dette får medlemskapet overført til eit anna sokn enn der vedkommande er busett eller til ein valkyrkjelyd. Ein rår til at biskopen blir klageinstans.

Stemmerett - § 14

På grunn av framlegget om ei ordning for soknebandsløysing blir det gjort framlegg om å vidareføre ei føresegn om at ingen kan ha stemmerett i meir enn eitt sokn. Ettersom ein kategorialkyrkjelyd ikkje er eit sokn, vil ein medlem av ein kategorialkyrkjelyd likevel fortsatt ha stemmerett både i kategorialkyrkjelyden og i bustadssoknet. Også dette er ei vidareføring av gjeldande rett.

Kapittel 3. Verksemda i soknet. Soknet sine organ og deira oppgåvefordeling m.m.

Innleiing

Kapittel 3 i kyrkjeordninga skal avløyse kapittel 2 i kirkeloven, altså kirkeloven §§ 5 til 16. Det er ennå uklart om kommunen sitt ansvar for å finansiere verksemda i soknet blir ført vidare i framlegg til ny trussamfunnslov. Kyrkjerådet har likevel tatt utgangspunkt i dette.

Ein rår til mindre justeringar i enkelte paragrafar i dette kapittelet – oppdateringar som følger av endring i anna lovverk.

Reglane om soknemøtet og reglane om formene for soknerådet og kyrkjeleg fellesråd si verksemd blir vidareført.

Soknet sine organ - § 15

Kyrkjerådet gjer framlegg om at sokneråd innanfor ein og same kommune skal kunne etablere felles sokneråd for fleire sokn utan at det er avgrensa til ei forsøksordning. Framlegget er i første rekke grunngjeve med at det mange stader har vist seg så vellykka med ei slik ordning innanfor ramma av forsøk, at det bør bli opna for ei meir permanent tilgjenge, som ikkje treng å bli grunngjeve med forsøk – eller leie til soknesamanslåing.

Etter framlegget i denne paragrafen overtar Kyrkjerådet den godkjenningsmynden som kirkeloven § 5 legg til departementet. Unntak frå dette er den nemnte føresegna om felles sokneråd på meir permanent basis.

Samansetting, valbarheit, om å tre ut m.m. - §§ 16 - 18

Samansetting av soknerådet blir etter framlegget vidareført som i dag.

Dei tilknytte føresegnene i kirkeloven om plikt til å ta imot val og rett til fritak blir etter framlegget harmonisert med føresegnene i valgloven for dei same forholda når ein skal velje kommunestyre, slik at det held å gje skriftleg erklæring om at vedkommande ikkje ønskjer å stille til val på den aktuelle vallista innan ein fastsett frist, for å få fritak. Føresegnene om deltaking for biskopen, prosten og andre i soknerådsmøte blir også etter framlegget vidareført.

Føresegnene om å tre ut av soknerådet i valperioden blir i hovudsak vidareført i § 17 i framlegget. Kirkeloven si føresegn om å tre ut byggjer i dag på kommuneloven av 1992. Stortinget handsama våren 2018 ei ny kommunelov som medførte nokre språklege endringar. Kyrkjerådet rår til å gjere nokon mindre endringar for å harmonisere føresegnene med den nye kommuneloven.

Dagleg leiar av soknerådet si verksemd - § 19

Kirkeloven § 8 andre ledd om dagleg leiar av soknerådet si verksemd blir ført vidare i ein ny § 19 i kyrkjeordninga.

Oppgåvefordelinga mellom sokneråd og kyrkjeleg fellelråd - §§ 20, 23, 24 og 25

Det er ingen endringar i oppgåvefordelinga mellom sokneråd og kyrkjeleg fellelråd i dette høyringsframlegget.

Det er etter framlegget inga endring i samansetting av kyrkjeleg fellelråd, men som følge av at Kyrkjemøtet ikkje har mynde til å fastsetje reglar som pålegg kommunen å velje ein representant til kyrkjeleg fellelråd (og til sokneråd i eittsoknskommunar), blir det presisert at kommunen *kan* peike ut ein slik representant. Dersom det fortsatt blir kommunal finansiering bør ein frå kyrkja si side forvente at kommunen er representert i kyrkjeleg fellelråd.

Når det gjeld avklaring av økonomiforvaltning for soknet sine organ har departementet i eit brev frå 14. februar 2018 varsla at dei «i det vidare arbeidet med lovframleggene [vil] vurdere nærmere om regnskapsloven bør gjøres gjeldende for soknene.» Dette kan få verknad for utforminga av føresegna om at «Reglar om budsjettordning, rekneskapsføring og revisjon blir gjeve av Kyrkjemøtet», som er tatt inn i § 20. Det same gjeld tilsvarande føresegn i § 25.

Soknemøtet - §§ 21 og 22

Kyrkjerådet foreslår at dagens to føresegner om soknemøtet i kirkeloven §§ 10 og 11 blir ført vidare tilnærma uendra. Presiseringa i framlegget til § 22 første ledd om at

soknemøtet berre avgjer saker om innføring av gudstenestelege bøker i kyrkja *når Kyrkjemøtet har overlate spørsmålet til avgjerd i soknemøtet*, er i samsvar med rettstilstanden i dag. Dette går mellom anna fram av brev frå Kulturdepartementet til Kyrkjerådet 22. juni 2017.

Opptak av lån - § 26

Kirkeloven § 16 er her vidareført med unnatak av føresegna i § 16 tredje ledd om konkursvern for soknet som er vidareført i framlegg til ny trussamfunnslov § 12 sjuande ledd.

Kapittel 4. Kyrkjebygg

Innleiing

Framlegget til ny trussamfunnslov legg opp til ei nedbygging av lovreguleringa av kyrkjer slik ho er i dag. Samtidig blir det gjort framlegg om ei lovføresegn om at Kyrkjemøtet gjev reglar om krav til kyrkje, forvaltning av kyrkje og fond som høyrer til, kyrkja sitt inventar og utstyr, og om bruken av kyrkja, medrekna betaling for bruk.

Det er gode grunner for å gjennomgå og endre enkelte føresegner om kyrkjebygg. Kyrkjemøtet gjorde også i sak KM 15/15 vedtak om endringar. Desse vedtaka blir *ikkje* følgde opp i denne høyringa, men Kyrkjerådet vil komme tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Kyrkjer er signalbygg som både er ein viktig del av kulturarven og samtidig skal fungere som lokale til kyrkjeleg aktivitet i dag. Desse omsyna blir i dag ivareteke gjennom godkjenningsordningar og nærare retningslinjer i eit eige rundskriv (*T-3/2000 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*). Med den heimelen som det er gjort framlegg om i ny trussamfunnslov, vil Kyrkjemøtet i samarbeid med Riksantikvaren kunne fastsetje ordningar og sakshandsamingsregler som fortsatt sikrar ei kulturminnefagleg handsaming av kyrkjebyggsaker, ut over det som kan bli pålagd i medhald av kulturminnelova sine gjeldande føresegner.

I denne høyringa rår Kyrkjerådet til at kirkeloven sine føresegner om kyrkjebygg blir tekne inn i kyrkjeordninga. Godkjenningsordningar vil i framlegget svare til dei som gjeld i dag, men med den forskjellen at departementet ikkje lenger vil vere godkjennings- eller klageinstans.

Definisjon av og eigedomsrett til kyrkje - § 27

Framlegget til trussamfunnslov § 13 vidarefører regelen i kirkeloven § 17 om at kyrkja er soknet sin eigedom med mindre anna følgjer av særskilt rettsgrunnlag. Ein rår til å

presisere i føresegna at etter at kyrkjeordninga har trådd i kraft, er godkjenning frå Kyrkjerådet avgjerande for om nye bygg skal definerast som kyrkje.

Føresegna vidarefører også føresetnaden om at det skal vere kyrkje i alle sokn.

Når dette blir vidareført i kyrkjeordninga, vil føresegna kunne få eit anna innhald enn i dag. Etter gjeldande kyrkjelov har kommunen eit økonomisk ansvar for bygging av kyrkjer, og når det blir oppretta eit nytt sokn får kommunen ei forplikting etter loven. I kyrkjeordninga vil føresegna først og fremst leggje avgrensingar på muligheita til å opprette nye sokn på stader der det ikkje er kyrkje frå før. Dersom det ikkje er kyrkje frå før i eit område der ein ønskjer å opprette eit nytt sokn, må finansiering av ny kyrkje bli avklart nærare i kvart tilfelle. Føresetnaden vil også vere at dette skal vere ein kyrkje etter kyrkjeordninga. Det vil seie at ulike former for fleirbrukshus, kulturhus eller liknande ikkje er tilstrekkeleg. For sokn der det ikkje er kyrkje i dag, vil føresegna kunne halde oppe ei forventning om at det skal bli bygd kyrkje.

Forvaltning og avgrensing av rådvælde - § 28

Hovudregelen om at forvaltninga av kyrkja høyrer under kyrkjeleg fellesråd, slik det går fram av kirkeloven § 18, blir etter framlegget ført vidare utan endring. Det same gjeld føresegnene om avgrensing av rådvælde, som inneber at kyrkjer ikkje kan bli avhenda, pantsatt eller påhefta bruksrettar. Føresegna om at bispedømerådet i visse tilfelle kan samtykke i sal av fast eigedom tilhøyrande kyrkja blir også ført vidare.

Ei særleg problemstilling som har blitt vurdert, er langtidsutleige av kyrkjer. I situasjonar der kyrkjeforvaltninga står ovanfor store avgjerder, som å ta ei kyrkje ut av bruk, langtidsutleie eller nedlegging, kan ein stille spørsmål om kor langt fellesrådet si mynde til å disponere over kyrkjebygget rekker. Biskopen forordnar gudstenester i kyrkja, og regelverket for bruk av kyrkjer regulerer soknerådet si bruk av kyrkjer. Når ei kyrkje ikkje lenger har forordna gudstenester og ein skal avgjere om vidare bruk, er gode lokale prosessar viktige. Kyrkjerådet rår ikkje til endringar i regelverket på dette området nå.

Elles omfattar føresegna også biskopen si godkjenningsmynde for anskaffing og avhending av kyrkja sitt inventar og utstyr og soknerådet si plikt til å føre register over inventar og utstyr. Her er det ingen endring.

Det blir foreslått ei opning for at Kyrkjerådet kan samtykke i salg av kyrkjer når særlege grunnar tilseier, slik som dagens føresegn kor mynde er lagt til departementet. Fast eigedom elles som eit sokn eig og som ikkje er nødvendig for kyrkja, kan avhendast med samtykke av bispedømerådet. Dette er også ei vidareføring av gjeldande rett og vil for eksempel kunne vere aktuelt dersom det skal skiljast ut ein parsell frå kyrkjetomta.

Kyrkjefond - § 29

Føresegna i kirkeloven om kyrkjefond blir etter framlegget vidareført uendra. Hovudregelen er at kapital som er knyt til ei kyrkje skal samlast i eit fond, og avkastninga skal då gå til drift og vedlikehald av kyrkja. Kyrkja er i hovudsak

finansiert over kommunebudsjetta, og truleg har kyrkjefond ikkje lenger særleg betyding. Testamentariske gåver til kyrkja eller kyrkjelyden skal brukast til det formålet dei er gjeve til.

Betaling for bruk av kyrkja - § 30

Kyrkjemøtet har gitt nærare reglar for bruk av kyrkja, som mellom anna gjev soknerådet tilgang til å låne ut kyrkja til dømes til konsertar, og presten har rett til å bruke kyrkja til mellom anna kyrkjelege handlingar. I samband med at kirkeloven blei vedteken blei det lagt til grunn at kyrkjemedlemmer i soknet skulle kunne få utført kyrkjelege handlingar utan å måtte betale for det. I andre tilfelle vil kyrkjeleg fellesråd kunne krevje betaling etter nærare reglar godkjent av bispedømerådet. Denne regelen, som i dag går fram av kirkeloven § 20, blir etter framlegget vidareført uendra.

Bygging av ny kyrkje - § 31

Kirkeloven § 21 gjeld godkjenning når ein skal byggje ny kyrkje og godkjenning når ein skal legge ned, byggje om eller utvide ei kyrkje. Ein rår til at gjeldande reglar på dette området blir ført vidare, men med den endringa at Kyrkjerådet tek over som godkjenningssinstans der departementet til nå har hatt denne oppgåva. Ombygging og utviding av kyrkjer blir i dag ivareteke av biskopane etter delegasjon frå departementet, jf. rundskriv T-3/2000 som nemnt over. Her rår ein til at mynde blir lagt direkte til biskopen i kyrkjeordninga og Kyrkjerådet kan gje nærare regler. Dette inneber at ein til dømes vil kunne fastsetje ei klageordning som svarer til den ein har i dag der Riksantikvaren kan klage på biskopen si avgjerd om å godkjenne ombygging eller utviding.

Føresegna i kirkeloven om at ein ikkje kan byggje nærare enn 60 meter frå kyrkje i spreidd bygd område utan løyve, er ikkje aktuell å føre vidare i kyrkjeordninga. Omsynet til kyrkja sine omgjevnader vil måtte tas hand om gjennom anna lovverk som mellom anna reglane i plan- og bygningsloven.

Kapittel 5. Regionale og nasjonale kyrkjelege organ

Kapittel 5 skal erstatte kirkeloven kapittel 4. I all hovudsak er dei same oppgåvene for og samansettinga av regionale og nasjonale kyrkjelege organ vidareført. Kyrkjerådet gjer framlegg om ei ny organisering av Den norske kyrkja sitt økumeniske og internasjonale samarbeid som medfører endring av Mellomkyrkjeleg råd.

Bispedømerådet - §§ 32 - 34

Kyrkjerådet legg i denne omgangen opp til å føre vidare føresegnene om bispedømerådet si samansetting i kyrkjeordninga. Kyrkjerådet rår likevel til at føresegner om bispedømerådet sine varamedlemmer blir tekne direkte inn i kyrkjeordninga, at det blir presisert at alle leke medlemmer blir valde direkte og at

reglane i kyrkjeordninga § 16 tredje og fjerde ledd om plikt til å ta imot val og fritak til soknerådet skal gjelde tilsvarende for bispedømerådet.

Kyrkjerådet gjer framlegg om å ta inn ein eigen § 33 om bispedømerådet sin tilgang til å gje leiaren eller eit arbeidsutval fullmakt til å ta avgjerd i saker på sakleg avgrensa område som elles skulle vore avgjort av rådet. Dette er en vidareføring av gjeldande rett som blir tydeliggjort gjennom ein ny paragraf, etter mønster frå tilsvarende føresegner om sokneråd og kyrkjeleg fellestråd.

Kyrkjemøtet - §§ 35 - 36

Til liks med bispedømerådet si samansetting blir gjeldande samansetting av Kyrkjemøtet vidareført for valperioden 2019–2023. Kyrkjerådet rår likevel til at det blir presisert direkte i kyrkjeordninga § 35 at preses i Bispemøtets og leiar av Samisk kyrkjeråd er medlemmer av Kyrkjemøtet. Det fører ikkje til endringar i høve til i dag, ut over at føresegnene om dette blir flytta frå underliggande regelverk inn i sjølve kyrkjeordninga.

Kyrkjemøtet sine oppgåver vil kome fram i ei rekke paragrafer i kyrkjeordninga, og nokon føresegner vil også vere regulert av trussamfunnsloven. Paragraf 36 om Kyrkjemøtet sine oppgåver inneheld difor berre nokon av oppgåvene til Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet rår i hovudsak til å vidareføre føresegnene om Kyrkjemøtet sine oppgåver, men med nokon endringar:

- Gjeldande føresegn om at Kyrkjemøtet foreslår «retningslinjer for kirkelig inndeling» blir oppheva. Ein ser dette som overflødig når mynde til å fastsetje nærare føresegner om endring i kyrkjeleg inndeling og namn på kyrkje, sokn og prosti er lagt til Kyrkjemøtet. Sjå kapittel 2.
- Gjeldande føresegner i Kyrkjemøtet si forretningsorden § 2-4 om at saker av læremessig karakter må leggjast fram for Bispemøtet før handsaming i Kyrkjemøtet, blir teken inn i sjølv kyrkjeordninga.

Kyrkjerådet - §§ 37 - 38

Det blir gjort framlegg om at Kyrkjerådet si samansetting blir fastsett i kyrkjeordninga § 38 i tråd med vedtak i Kyrkjemøtet i 2018. Det inneber at rådet skal ha elleve leke medlemmer, eitt frå kvart bispedøme, ein lek kyrkjeleg tilsett, fire prestar valde av Kyrkjemøtet og ein biskop vald av Bispemøtet.

Kyrkjerådet sine oppgåver blir ført vidare i kyrkjeordninga § 38, men ein rår til å ta inn ei føresegn om at saker som har læremessig karakter og som skal avgjerast endeleg av Kyrkjerådet, må leggjast fram for Bispemøtet før endeleg avgjerd, i en parallell til tilsvarende føresegner for Kyrkjemøtet. Dersom vedtak i Kyrkjerådet andre gong ikkje er i samsvar med siste tilrådinga frå Bispemøtet, blir saka send til Kyrkjemøtet for avgjerd.

Bispemøtet - § 39

Kyrkjelova si føresegn om Bispemøtet blir ført vidare i kyrkjeordninga. Kyrkjerådet har gjort ei oppdatering av ordlyden slik at paragrafen kjem i samsvar med rettstilstanden i dag. Tidigare har Kyrkjemøtet avgjort at Bispemøtet handsamar læreklager og at klagenemnda også kan melde saker til Bispemøtet. Dette tas difor inn i § 39.

Den norske kyrkja si klagenemnd - §§ 40 - 41

Kyrkjerådet gjer framlegg om å føre vidare samansetting og oppgåver for Den norske kyrkja si klagenemnd gjennom å ta inn føresegner om dette i kyrkjeordninga §§ 40 og 41.

Samisk kyrkjeråd - §§ 42 - 43

Kyrkjerådet gjer framlegg om å ta inn føresegner om Samisk kyrkjeråd si samansetting og oppgåver i kyrkjeordninga §§ 42 og 43. Framlegget bygger på samansetting og oppgåvefordeling i dag, slik det kjem til uttrykk i Statutter for Samisk kyrkjeråd.

Mellomkyrkjeleg råd i ei ny tid – økumenikk og internasjonalt samarbeid

Mellomkyrkjeleg råd er i dag eit organ som er vald av Kyrkjemøtet, som har i oppdrag å ivareta Den norske kyrkja si økumeniske og internasjonale relasjonar. Mellomkyrkjeleg råd har sidan 1984 vore eit råd under Kyrkjemøtet. Rammeføresetnadene for økumenikk, interreligiøs dialog og internasjonalt samarbeid har endra seg sidan 1984, noko som har gjort at desse oppgåvene tydeligare har blitt eit ansvar for heile kyrkja. Kyrkjerådet gjer difor framlegg om ei ny organisering av Den norske kyrkja sitt økumeniske og internasjonale samarbeid som inneber at Mellomkyrkjeleg råd blir endra til eit fagutval, til dømes knytt til både Kyrkjerådet og Bispemøtet. Endringa fører med seg at organet får ei tydeligare fagleg rolle, samtidig som den demokratiske forankringa til saksfeltet blir ført vidare gjennom at viktige avgjerder blir gjort av Kyrkjerådet eller Kyrkjemøtet, avhengig av sakstype.

Som følgje av at Kyrkjerådet gjer framlegg om å endre Mellomkyrkjeleg råd sin status til eit fagutval, ser ein det ikkje som aktuelt å ta inn føresegner om rådet i kyrkjeordninga, men Kyrkjerådet ser det som naturleg at Kyrkjemøtet fastset nærare reglar om Mellomkyrkjeleg råd.

Ungdomsdemokrati - § 44

Kyrkjerådet gjer framlegg om å regelfeste i kyrkjeordninga ein struktur for ungdomsmedverking i Den norske kyrkja. Framlegget inneheld ein formålsparagraf, føresegner om ungdomsting og ungdomsråd i alle bispedøme og føresegner om eit nasjonalt Ungdommens kyrkjemøte og eit nasjonalt utval som ønskjer å kalle Den norske kyrkja sitt ungdomsutval. Framlegget inneber ei formalisering av ungdomsstrukturen i dag.

Kapittel 6. Forskjellige føresegner

Kapittel 6 i kyrkjeordninga skal erstatte nødvendige føresegner i kirkeloven kapittel 5, som ikkje er overflødige eller dekkja andre stader.

Rett og plikt til å delta i møte - § 45

Kyrkjerådet gjer framlegg om å føre vidare føresegner om møte- og stemmeplikt i kyrkjelege organ, som i dag er fastsett i kyrkjelova, med eitt unntak: Ein rår til at medlemmer i kyrkjelege organ i ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja ikkje skal ha stemmeplikt.

Prestane, prostane og biskopane si teneste - § 46

Føresegna er ei vidareføring av kirkeloven § 31 med unntak av andre ledd om at «All prestetjeneste skal organiseres slik at prestene kan utøve sin tjeneste i samsvar med ordinasjonens forutsetninger og forpliktelser.» Denne føresegna er ført vidare i framlegg til ny trussamfunnslov § 14 andre ledd.

Medlemskapsvilkår for tilsette og ombod - § 47

Som følge av at det ifølge lovutkastet til ny trussamfunnslov ikkje lenger vil vere lovfesta ein tilgang til å fastsetje eit generelt medlemskapskrav for kyrkjelege ombod og tilsette i Den norske kyrkja, vil krav om medlemskap komme inn under dei generelle reglane i likestillings- og diskrimineringslova. Kyrkjerådet legg likevel til grunn at det er mogleg å fastsetje medlemskapskrav for kyrkjelege ombod (t.d. soknerådsmedlemmer), og rår difor til å føre vidare eit slikt krav. Kyrkjerådet gjer også framlegg om å fastsetje i kyrkjeordninga at organa som er ansvarlege for tilsetting skal stille krav om medlemskap i Den norske kyrkja for tilsetting i kyrkjelege stillingar som inneheld eit ansvar for kyrkja si lære, i tråd med tilgangen i likestillings- og diskrimineringslova § 9. Biskopen vil i særlege høve kunne dispensere frå kravet. Samtidig gjer ein framlegg om å fastsetje i kyrkjeordninga at organ med ansvar for tilsetting plikter å vurdere om det er tilgang til å stille krav til medlemskap for andre kyrkjelege stillingar.

Kirkeloven § 29 om at kyrkjelege organ kan krevje framlegging av barneomsorgsattest frå personar som skal ha oppgåver som er knytt til mindreårige, er ført vidare med ei tilsvarende føresegn for alle trus- og livssynssamfunn, i trussamfunnslova § 19. Kyrkjerådet legg til grunn at praksis i dag blir ført vidare og at heimelen i trussamfunnslova er tilstrekkeleg.

Partssamansett utval m.m. - § 48

For å sikre fortsatt gode ordningar for medråderett for kyrkjeleg tilsette som har kyrkjeleg fellesråd og sokneråd som arbeidsgjevarorgan, gjer Kyrkjerådet framlegg om å føre vidare føresegna frå kyrkjelova § 35 med nokre mindre endringar.

Framlegget søkjer å harmonisere føresegna med den nye kommuneloven § 5-10.

Det blir presisert at alle tilsette er valbare og stemmeføre til partssamansette utval, også dei som eventuelt ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet gjer framlegg om at føresegna i kirkeloven § 35 andre ledd, ikkje blir ført vidare i kyrkjeordninga, sidan ho blir sett som overflødig. Det følgjer av rettssubjekta *soknet* og *Den norske kyrkja* si private autonomi at organa for dei vil kunne gje ein arbeidsgjevarorganisasjon fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtale, innanfor deira nærare ansvarsområde. Dessutan å gje eller ta imot kollektiv arbeidsoppseiing på vegne av rettssubjektet. Kyrkjerådet meiner det difor er overflødig å vidareføre slike føresegner i kyrkjeordninga.

Sakshandsamingsregler - § 49

Kyrkjemøtet har gått inn for at det fortsatt skal bli fastsett i lov at forvaltningsloven, offentleglova og reglane om offentlege organ i arkivloven skal gjelde for Den norske kyrkja. Kyrkjerådet gjer framlegg om ei føresegn også i kyrkjeordninga § 49 som fører vidare dette og dessutan særreglane i habilitetssaker som gjeld i dag.

Endringsreglar - § 50

Vidare gjer Kyrkjerådet framlegg om særskilte endringsregler for føresegnene i kapittel 1 *Den norske kyrkja sitt grunnlag*, etter modell frå Grunnloven. Ein slik prosedyre inneber at eit framlegg om endring kan framsetjast, men ikkje tas til handsaming i éin kyrkjemøteperiode. Først i neste periode, etter eit val, kan ein realitetshandsame framlegget og det treng 2/3 fleirtal for å bli vedteke. Ein gjer også framlegg om særskilte endringsreglar knyt til dei i føresegnene i kyrkjeordninga som regulerer Bispemøtet si rolle som læreorgan overfor Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Endringar av desse føresegnene krev også 2/3 fleirtal. Andre føresegner i kyrkjeordninga kan endrast med allment fleirtal.